



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

# Kommunal beredskapsplikt

Sunndal kommune

Tilsynsdato: 17.06.2015

Rapportdato: 02.09.2015

## Innhold

<b>1 BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING.....</b>	<b>3</b>
1.1 FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2 PÅLEGG OM GJENNOMFØRING .....	3
1.3 TILSYNSTEMA .....	3
1.4 GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5 GJENNOMFØRING .....	5
<b>2 HOVUDINNTRYKK .....</b>	<b>6</b>
<b>3 RESULTAT FRÅ TILSYNET .....</b>	<b>7</b>
3.1 AVVIK .....	7
3.2 MERKNADER .....	8
<b>4 VIDARE OPPFØLGING.....</b>	<b>9</b>

## 1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkellopplysningene om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

<b>Tidspunkt for tilsynet:</b>	26.02.2015 (formøte) 17.06.2015 (tilsyn)
<b>Adressa til kommunen:</b>	Postboks 94, 6601 Sunndalsøra
<b>Kommunenummer:</b>	1563
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	Harriet Berntsen
<b>Fylkesmannen sitt tilsynslag:</b>	Ketil Matvik Foldal (tilsynsleiar) Stine Sætre
<b>Tilsynsrapporten er skiven av:</b>	Atle Morsund
<b>Tilsynsrapporten er godkjent av:</b>	Helge Mogstad
<b>Førebels tilsynsrapport sendt:</b>	19.06.2015
<b>Endeleg tilsynsrapport sendt:</b>	02.09.2015
<b>Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:</b>	20.10.2015

### 1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Sunndal kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### 1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar og det skal førast tilsyn med den einskilde kommune minimum kvart fjerde år.

### 1.3 Tilsynstema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2014 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2014 og 2015.

#### **1.4 Grunnlagsdokumentasjon**

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

<b>Nr.</b>	<b>Dokument</b>	<b>Datering</b>
1.	Helhetlig ROS-analyse for Sunndal kommune – UTKAST	18.03.2015
2.	Prosessplan – Helhetlig ROS-analyse for Sunndal kommune	05.05.2015
3.	Beredskapsplan for Sunndal kommune	25.11.2014
4.	Helse- og sosialberedskapsplan for Sunndal kommune	09.05.2012
5.	Kommunal planstrategi 2012 – 2015	12.12.2012
6.	Kommuneplan for Sunndal kommune 2014 – 2020 Samfunnssdelen	03.09.2014
7.	Beredskap – referat frå møte i kriسهledelsen i Sunndal kommune 07.05.2015	19.05.2015
8.	Beredskap – referat frå møte i kriسهledelsen i Sunndal kommune 26.11.2014	29.12.2014
9.	Beredskap – referat frå møte i kriسهledelsen i Sunndal kommune 25.03.2014	03.04.2014
10.	Beredskap – referat frå møte i kriسهledelsen i Sunndal kommune 19.12.2013	16.01.2014
11.	Beredskap – referat frå møte i kriسهledelsen i Sunndal kommune 27.08.2013	13.09.2013
12.	Beredskap – referat frå møte i kriسهledelsen i Sunndal kommune 10.06.2013	12.06.2013
13.	Beredskap – referat frå møte i kriسهledelsen i Sunndal kommune 26.02.2013	27.02.2013
14.	Beredskap – referat frå møte i kriسهledelsen i Sunndal kommune 11.12.2013	11.12.2012
15.	Beredskap – referat frå møte i kriسهledelsen i Sunndal kommune 12.06.2012	21.06.2012
16.	Beredskap – referat frå møte i kriسهledelsen i Sunndal kommune 00.04.2012	04.04.2012
17.	Fårikål 2014 – Situasjonsrapport nr.1	29.09.2014
18.	Fårikål 2013 – Situasjonsrapport nr.1	28.10.2013
19.	Referat frå evalueringsmøte – beredskapsøvelse storulykke Hydro Aluminium	12.06.2013
20.	Fårikål 2012 – Situasjonsrapport nr.1	24.09.2012
21.	Samarbeidsavtale mellom Hydro Sunndal industrivernet og Sunndal kommune	05.01.2011
22.	Gjensidig bistandsavtale mellom TBRT IKS og Sunndal Brannvesen	04.04.2014
23.	Gjensidig bistandsavtale mellom Tingvoll brannvesen og Sunndal Brannvesen	08.05.2014
24.	Avtale mellom Møre og Romsdal HF, Molde sjukehus og Sunndal kommune	01.01.2015
25.	K-styревedtak - Beredskapsplan mot akutt forurensing Nordmøre (NIUA)	08.09.2010

## 1.5 Gjennomføring

Formøte med Sunndal kommune vart gjennomført 26.02.2015. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 17.06.2015. Kven som deltok går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte	Opmøte	Intervju	Sluttmøte
Ståle Refstie	Ordførar	X	X	X	X
Per Ove Dahl	Rådmann	X	X	X	X
Harriet Berntsen	Beredskapskoordinator	X	X	X	X
Brit Resell	Sekretær kriseleninga		X		X
Anne Nerland	Prosjektleiar ROS		X		X
Hallvard Vermøy	Lensmann		X		X
Kari Thesen Korsnes	Helsesjef		X		X
Ole Magne Ansnes	Kultursjef		X		X
Siv-Grete Sponås	Barnehagetenesta		X		X
Gunnvald Granmo	Økonomisjef		X		X
Anne Kari Grimstad	NAV		X		X
Liv Ingrid Horvli	Skulesjef		X		X
Bente Mosbakk	Sjef for innvandringstenesta		X		X
Ketil Matvik Foldal	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Stine Sætre	Seniorrådgjevar		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar		X		

## 2 Hovudinntrykk

Dei fleste elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og arbeidet framstår som grundig, gjennomtenkt og godt forankra og godt tilpassa lokale behov.

Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon som er øvd, prøvd og har rutinar for faste møte. Lokale samarbeidspartnerar blir invitert til kriseleriinga sine møte ved behov men kommunen har ikkje kommunalt beredskapsråd eller annan fast arena der kommunen møter dei andre lokale beredskapsaktørane.

Arbeidet med heilskapleg ROS-analyse er godt forankra, godt i gang, men ikkje ferdigstilt. Etter framdriftsplanen skal analysen vere ferdig i løpet av 2015. Kommunen har også etablert system for utarbeiding av ROS-analysar innanfor driftseiningane og i arealplanlegginga.

Kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er føredømeleg godt forankra på strategisk nivå: planstrategi og samfunnsdel kommuneplan. Mål og rutinar for ROS og beredskap vidareført i avdelingane sine årsplanar.

Sunndal kommune sitt beredskapsplanverk er gjennomarbeidd, tilpassa lokale behov og oppdatert.

Kommunen har ikkje planar/rutinar for opplæring og øving. Og det er heller ikkje fastsett rutinar for evaluering av hendingar og øvingar – sjølv om dette i praksis blir gjennomført og dokumentert i referata frå kriseleriinga sine møte.

Der er eit potensial for eit styringsdokument som kan fungere som bindeledd mellom strategisk plannivå og beredskapsdokumentasjon, og som oversikt over planverk og korleis kommunen skal arbeide (og arbeider) med samfunnstryggleik og beredskap.

### 3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte to avvik. To forhold er kommenterte som merknader.

#### 3.1 Avvik

Avvik er definert som manglende oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

##### **Avvik nr. 1**

Sunndal kommune har ikkje ferdigstilt den heilskaplege risiko og sårbarheitsanalysen.

##### **Regelverkstilvising:**

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2, jf. § 9.

##### **Utdjupande kommentar:**

Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen er den viktigaste berebjelken i den kommunale beredskapsplikta. Kommunen er godt i gang med å utarbeide heilskapleg ROS-analyse i samsvar med forskriftskrava. Det er utarbeidd ein utførleg framdriftsplan som er godt forankra både i organisasjonen og kommunestyret. Framdriftsplanen omfattar fastsetjing av sannsynlegheitskategoriar og konsekvensklassar og identifikasjon av uønskte hendingar for vidare analyse. Etter framdriftsplanen skal analysen ferdigstillast i andre halvår 2015.

##### **Avvik nr. 2**

Sunndal kommune har ikkje eit system for opplæring som sikrar at alle som er tiltenkt ei rolle i kommunen si krisehandtering har tilstrekkelege kvalifikasjonar.

##### **Regelverkstilvising:**

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 7, andre ledd.

##### **Utdjupande kommentar:**

Forskrift om kommunal beredskapsplikt fastset krav til opplæring i kommunen sin beredskapsorganisasjon. Sunndal kommune har ikkje etablert eit system som sikrar at dette fungerer.

### 3.2 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

#### **Merknad nr. 1**

Kommunen bør vurdere å utarbeide eit oversiktssdokument / styringsdokument som kan fungere som overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap – eit bindeledd mellom kommuneplanen og ROS-analysar, beredskapsplanverk og aktivitet. Eit slikt dokument vil kunne imøtekome avviket som gjeld system for opplæring og vil også kunne styrke fleire forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men der kommunen har forbettingspotensial – for eksempel:

- tydelegare oversikt over kommunen sitt samla beredskapsplanverk
- tydelegare rutinar og plan for gjennomføring av og øvingar
- tydelegare rutinar for evaluering – både av øvingar og reelle hendingar

I staden for å utarbeide eit nytt dokument, kan kommunen også vurdere om ein slik oversikt kan innarbeidast i kommunen sin overordna beredskapsplan.

#### **Merknad nr. 2**

Kommunen bør vurdere å etablere eit kommunalt beredskapsråd som kan fungere som fast møteplass for kommunen og andre beredskapsaktørar i lokalmiljøet.

## 4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis det avdekte avviket skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Ved spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan kommunen kontakte seniorrådgjevar Stine Sætre, [stine.saetre@fylkesmannen.no](mailto:stine.saetre@fylkesmannen.no), 71258485 / 95224419.